Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 5

Fylke: Opland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lom

Emne: Vassbering

Bygdelag: Böverdal.

Oppskr. av: Eiliv Brenna

Gard: Brenna.

(adresse): Böverdalen

G.nr. 113. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

81 aar. Brenne-Bonde.

SVAR

1. Ja. Vass-sele. Nei, vassselen ligg paa akslene og bøttene held ein jamt med begge hender. Neste spörsmaal: ukjent. Eg meiner å sovidt aa hava set brukt vidjer og trekroker, er gaatt av bruk. Nu brukes berre jernlenke og jernkroker, kallast vass-selaband. Da jernbøttor vart aa faa kjöpt ca. 1880.

2. Ukjent her.

3. Ukjent her.

4. I min barn- og ungdom, var det mest kvinnor som bar vatn. Kunde vera kona paa smaabruk, tenestejenta paa större; born hjalp nokk til. Naa er det karfolk som berar vatnet.

5. I min barn- og ungdom, eg har sjøl bore mykje vatn fraa 12 aars alderen

6. Ja köyring paa slede og vogn kom ibruk og har auka paa.

7. No er det innlagt vatn mykje, men det er nokk enda fleire stader dei er utan innlagt vatn. Svert mange stader so finst det ikkje vatn, andre stader fell det for dyrt. Sume tek vatnet med pumpe.
Det er nokk enda mykje vassbering i Lom, og köyring ogsaa.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

6pl.

Lom

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Bygdøy i april 1948.

Tilleggsspørsmål til emne nr. 5, Vannbæring.

Vennligst svar på dette papir med blyant og send det så fort råd er i den lille konvoluten.

Brukte eller bruker en å la flyte noen gjenstander på vannet eller melken når en bar eller kjørte væskene en lengre vei for å hindre at væsken skvulper over?
Brukte eller bruker en:
1) Treskiver, løse lokk (med eller uten håndtak)? Ja
2) a) Trekors?
   b) Trekors med en liten knott i midten for lettere å kunne løfte det?
3) Noen trestykker?
4) Gress, halm, løvkvister, store blad, gran- eller enekvister?
5) Is eller snø?
6) Kjerald, skål, bøtter, trefat? Skaal.
7) Korkskiver?
8) Hva kaller en slike ting for (skuljefjæl, flottor, bøk, flæ, flyteskiver)?
9) Fanns det noen forseggjorte gjenstander til det bruket?

--- o O o ---

Ad 1. Vi köyrer vatn i eit kjer eller kasse um vinteren, og kaster tildels eit laust lokk uppi for aa hindre skvampling.
" 6. Eg minnest at eingong medan eg var reint liten, da kom ei jente fraa granngarden berande med ei bötte full av mjölk og da var det kasta uppi noko. Kva dette var kann eg inkje seia. Dette var like fyr jul. Det var mjölkelögse hjaa oss.

Herad Lom
Uppteiknar Eiliv Brenna

1564

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

bgl.
Lom

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Varet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Ukjennt her.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Ukjennt her

2670

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING